



Anita Handeland hjelper Gro i butikken no om dagen, men dei vert fleire nærare jul. Framfi dei står ein dekorasjon, ein azalea og ei julestjerne

5 år etterat Gro Hjelmeland opna blomebutikken sin i Sætrehuset kan ho melda om ein viss endring i juleynskja til kundane. Julestjerna har framleis ein høg posisjon, men einskilde reagerar allergisk på denne blomen og Gro nemner også azalea blant favorittane no om dagen, Men det er også ein annan tendens: Stadig fleire kjøper dekorasjonar til jul og dei gir som regel Gro fullmakt til å komponera. - Lag noko fint, er ofte beskjeden.

Å pynta på gravane er også ein fin juleskikk og her har Gro registrert et fleire føredrar ein annan krans enn den nærmast obligatoriske mosekransen,

Gro er på farten og køyrar ut blomar ein stad i Kvinnherad når uskedalen.no kjem på førjulsvsitt og ved disken stå ein kunde som ikkje er frå Uskedalen og ho kjem med dette utsagnet:

- Vi har grunn til å vera glade som har ho Gro,

Med andre ord har ho fått ein posisjon som rekk langt utover heimbygda og ho er innstilt på å halda fram sjølv om det nok har vore ein hard tørn,

For 5 år sidan sa ho at ho etter eit år hadde som mål å tilsetta nokon slik at ho kom ned i normal arbeidstid. Det har ho gjort, men utan at arbeidstida har vorte stuttare av den grunn. Og fram mot jula skal ho auka bemanningen utover dei 2.

Ved starten ytra nokon at det var vel dristig å starta blomebutikk her i bygda, men svaret etter 5 år er altså eit klårt nei. Det har imidlertid mykje med kvalifikasjonar og kompetanse å gjera!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



[Slike dekorasjonar avløyser no mosekransane på graver](#)